

# Hjorteforvaltning i Lærdal


Få ting opptek folk så mykje som hjortejakt. Det snakkast og meinast mykje. Ofte er det minst like mange meiningar som det er jegerar. I denne brosjyra freistar viltforvaltninga å samla kunnskap om hjorten i kommunen slik at me alle har ein felles platform å diskutera utifrå - så får kvar jeger og kvart vald fargeleggja med egne erfaringar.

Til slutt kjem ei hugseliste over reglar knytt til jaktutøvinga.


felles landbrukskontor  
ÅLA

## Kor mykje hjort?


Figuren syner tal tildelte (blå) og felte (raud) hjort i Lærdal. Det har vore ei markert auke i felte dyr. Den grønne søyla er felte dyr PLUSS påkøyrd hjort. Fellinginga i 2010 var ein førebels topp, med 383 felte dyr. Dette er ei auke på 430% frå 1986. I fylket har det i same periode vore ein auke på 308%. Ofte ser me at ein fellingstopp kjem om lag 2-3 år etter "bestandstoppen". Jegerane "vil" fella meir hjort, men må nytta meir tid på å finna hjorten. For område med gode tidsseriar på sett-hjort, finn ein dette att i at tal timar jakta per felte dyr har auka. Lærdal har ikkje så gode tal endå, men me lyt anta at dette og gjeld her. Når ein anslår



kor mykje hjort det er i eit område er det vanleg å ganga fellingstalet med 4. I "stabile bestandar" kan ein anta at dette er meir rett enn i bestandar i stor endring. Likvel er det ikkje godt å veta heilt kor stor bestanden er. Kor mange dyr me ser i jakta (sett hjort per time) vil syne eit meir "rett" bilete av bestanden frå år til år viss me er flinke til å levera inn skjema. Då kan forvaltninga vera raskare til å reagere enn om me må venta til me ser endring i fellingstala. Figuren under syner kor mange dyr me ser per time jakta i ÅLA og i fylket.




Lærdal vert det felt i snitt ein hjort (i 2010) per 953 daa teljande areal, medan tilvarande tal i Aurland og Årdal ligg på om lag 1700 daa.. Fellinginga har endra seg frå å ha ein overvekt av vaksen bukk (39% i 1990), til no å fordela seg betre på kategoriane, i tråd med fordelingsnøkkelen. I 2013 vart det felt 16% vaksen bukk.



## Korleis hjort?

Vel så viktig som kor mange hjort me har, er kva slags hjort me har. Kva kjønn, kva alder og korleis er kondisjonen? Sett hjort dataa fortel kva dyr som er i skogen. I 2013 har jegerane identifisert 2146 individ av hjort gjennom jakta. Nokre dyr er sjølvsagt sett fleire gonger, men statistisk skal dette vere ein god "strukturtejing" av bestanden. Det kan naturlegvis vere feilkjelder i kva for dyr som er lettast å observera, men me legg til grunn at dette er likt frå år til år, så endringa over tid er viktigst å følgja med på. I Lærdal er det tala frå 2010 og 2013 som er basert på klart flest observasjonar. Dette er difor dei tala som er mest å stole på. Figuren under syner bestandssamansetjinga i Lærdal ut ifrå sett hjort tala. Tala er i prosent.

Til samanlikning med Aurland og Årdal ser me relativt lite




vaksen bukk i Lærdal. Tal observert kolle delt på tal bukk gir ein indeks som seier noko om kjønnsfordelinga i bestanden. I Lærdal er den no på om lag 1,66. Det vil i praksis seia at jegerane samla sett så om lag 66% fleire koller enn bukkar i 2013. I Årdal og Aurland er denne indeksen ca 1, altså ser dei der om lag like mykje bukk og kolle. Når me veit at bukkeavskytinga har vore hardara i nabokommunane enn i Lærdal, kan ein jo lura på om dyras trekk kan ha noko å seia for dette reiknestykket. Ein legg ofte til grunn at så lenge det ikkje er meir enn 2 koller per bukk, er det ikkje "for lite bukk". Men på den andre sida, mykje kolle gir eit stort potensial for vekst i bestanden.

## Jaktpreferanse

Forvaltninga deler ut løyva fordelt på kategori. I tillegg har jegeren kanskje eit ønskje om å skyta spesielle type dyr. I lag vert dette jaktpreferansen. Viss me totalt sett skyt meir enn me observerar av ein kategori, prefererer me denne kategorien. Dette kan over tid føra til at det vert mindre av til dømes vaksen bukk. Figuren under syner jaktpreferanse for vaksen bukk i Lærdal. Me har ikkje tal frå sett hjort i heile perioden, difor er den grønne lina kortare.

Faktisk syner figuren at me no ser meir vaksen bukk enn me skyt. Men det er klart, di fleir som leverer sett-hjort data, di meir rett vert grafen. Med ein slik avskyting som det kan sjå ut som det er no, kan ein tru at bukkeandelen vil gå opp. Å spara dei største bukkane er fornuftig for å ta vare på "avlstdyra". Til dømes er dei største gevira ofte eit resultat av gode genar for eigenskapen. Viss desse systematisk vert luka ut av bestanden, vil slike gevir verta meir sjeldsynt. Dette er ein felles oppgåve som alle valda lyt ha i bakhovudet under jakta.




## Alder

I 2013 hadde me innsamling av kjevar (for aldersbestemming) og slaktevektar (kondisjon) i kommunen. Me fekk inn utruleg godt med materiale i Lærdal! Di større materiale, di sikrere tal vert det. I Lærdal syner aldersbestemminga at snittalderen på vaksen bukk er 5,2 år og den eldste som vart felt var 17 år (denne hadde 4+3 takkar). Grunnlaget for aldersgjennomsnitt på vaksen bukk er 52 individ. I Noreg er snittalderen på felt vaksen bukk berre 3 år. Jaktpreferansen tydar på at me no tek ut om lag den andelen vaksen bukk me ser i skogen. Viss det er rett at me i liten grad systematisk let mindre bukkar passere posten for å venta på større bukkar, kan me tru at Lærdal har ein forholdsvis god alder på bukkane. Det er lite "naturleg" dødelegheit knytt til alder hjå hjortebukkar før dei vert om lag 13 år, men då daudar til gjengjeld dei aller fleste før dei er 17 år. Den eldste felte bukken i Noreg vart 22 år. Snittalderen for vaksne koller i Lærdal var 5,5 år (utifrå 66 aldersbestemte dyr), medan den eldste var 16 år. Kollene vert eldre enn bukkane. Naturlig avgang knytt til alder gjer seg ikkje gjeldande før kolla er om lag 18 år.

## Vekt

Eit hovudmønster i økologien er at dyr vert større nordover og innover i landet. Når eit nytt område vert kolonisert av ein art, er det liten konkurranse om maten. Dyra vert store. Når bestanden aukar vert det fleire om beinet (graset i høve hjorten) og vektene går ned. Hjorten i eit representativt utval av kommunar i Noreg har vorte overvaka særskilt for å vera referanser for alle dei andre kommunane. Utviklinga i slaktevektar frå 1991 til i dag er eintydige. Alle har i perioden opplevd ein nedgang i slaktevektar på 10-15%. Figuren under syner slaktevektene i fylket, medan dei farga prikkane (merka med snittvekt) er tilsvarende vektar i Lærdal i 2013.

Me ser at vektene i Lærdal er gode på alle kategorier i samanlikning med fylket. Vektar for kalv og ungdyr er mest "sårbare" for tilhøva den aktuelle sumaren, medan vaksne dyr er betre indikatorar for kondisjonen i bestanden. Merksemd rundt utviklinga knytt til vektar kan vera ein måte å følgje med på når "det vert nok" hjort sett frå naturen sin side. For samfunnet elles kan det vera tilhøva rundt til dømes beiteskade og trafikk som set "øvre grense" for storleiken på bestanden.



## Hugs på i jakta:

- Ha med gyldig jegeravgiftskort, bevis for avlagt skyteprøve og våpenkort. I tillegg har kvar jeger ansvaret for tilgang til godkjent ettersøkshund. Viss ikkje slik hund er med under jakta, skal skriftleg avtale om tilgang på godkjent ettersøkshund medbringast under jakta.
- Bruk av kunstig lys i ettersøk av hjortevilt er frå og med 2014 lovleg. Slik bruk av lys skal meldast til jaktrettshavar OG politi (telefon 02800) før ettersøket startar.
- Dersom pliktig ettersøk første dag er utan resultat, SKAL jeger underrette jaktrettshavar OG kommunen om dei faktiske forhold. Kommunen kan kontaktast ved Knut Fredrik Øi (tlf 93059637). Viss Øi ikkje er tilgjengeleg, skal det meldast ifrå til politiet (telefon 02800). Jeger og jaktlag er pliktige til å fortsette ettersøket dagen etterpå også. Resultatet skal meldast kommunen, som avgjer kva som skal skje vidare. Retten til å følgje påskote dyr på anna vald gjeld berre ut den dagen påskote dyr kom inn på valdet.